



REFERAT

Utval Mellombels utval, politisk aktivitet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 07.04.2021

Start kl.: 13.00
Slutt kl.: 15.30

Arkivsak 21/958, møte 4 i utvalet.

Til stades på møtet

Medl.: Ivar Kvalen
Marit Aakre Tennø
Elin Hauge
Ernst Veum
Jon Ove Lomheim
Geir Arve Sandvik

Forfall: Beate Bondevik Lie

Varamedl.:

Frå adm. (evt. andre): Rådmann Jarle Skartun, politisk sekretariat v/Anita Bjørk Ruud

Vedtak i kommunestyret i k.sak 53/20 den 13.5.20.

Kommunestyret set ned eit mellombels utval (ein mellombels komite) som kjem med innspel til revisjon/utarbeiding av Luster sine reglement for den politiske aktiviteten.

Ordføraren vert leiar i utvalet og partia utnemner kvar sin medlem i utvalet.

Til møtet var framlagt:

- Sakliste
- Organisasjonskart
- Utkast til reglement for formannskapet, valstyret, plan- og forvaltningsutvalet, kontrollutvalet, økonomiutvalet, ordføraren, administrasjonsutvalet og klageutvalet.
- Notat frå rådmannen: politisk involvering i plansaker etter plan- og bygningslova.
- Utkast til fellesreglement, revidert etter møte i mellombels utval 15.02.

- Utkast til kommunestyrereglement, revidert etter møte i mellombels utval 15.02.

Sogn for alle:

Flykningskonsulent Linda Brunborg presenterte prosjektet Sogn for alle – arbeid med inkludering.

Presentasjonen følger vedlagt møtereferatet.

Etter møtet er det stadfesta at «Sognaloo» blir ein realitet, då IMDI har løyvd midlar til prosjektet. I det prosjektet er innvandrar kvinner målgruppa.

I Sogndal har dei etablert [innvandrarråd](#). Dei har hatt sine utfordringar med å få det til å fungere godt, men vil prøve meir. Rådmannen i Luster er redd at det kan bli spinkelt og krevjande om Luster skal ha eit slikt råd.

Utvalet drøfta inkludering, involvering og representasjon;

Bygdene i høve Lustrasamfunnet. Utfordrande for fleire tilflyttarar å bli inkludert i lokalsamfunnet. Lettare å bli inkludert i mindre bygder og der det er naturlege møteplassar.

Brunborg sa at TreffpuUNGt var ein god møteplass for mange medan det prosjektet vart drive, men dessverre vart ikkje ordninga vidareført.

Den relativt nye Besøksvenordninga kan brukast også i dette arbeidet.

Utvalet samde om at eit råd berre for innvandrarar/flykningar blir smalt.

Luster si deltaking i dei regionale prosjekta i Sogn for alle bør få gå seg til. Kan vurdere nærare seinare om ein skal etablere tiltak for å få deltaking/medverknad frå tilflyttarar.

Notatet om politisk medverknad i planprosessar:

I notatet avsluttar rådmannen med:

«Rådmannen legg til grunn at dette notatet kan nyttast i det vidare arbeidet med å etablere gode ordningar for rettidig og relevant medverknad for politisk nivå i ulike planprosessar.»

Utvalet drøfta korleis kommunestyret kan bli involvert i store planar før dei er komne så langt at det er «for seint».

Involveringa frå kommunestyret vil vere avhengig av kva type plan som blir handsama. Kommuneplanen er kommunestyret involvert i tidleg i prosessen med temamøte, t.d eiga samling over 2 dagar.

Plan- og forvaltningsutvalet er planutval for t.d reguleringsplanar. Om plan- og forvaltning ynskjer å involvere kommunestyret meir i planarbeidet, kan dei velje å løfte planen for til dømes eit temamøte i kommunestyret i løpet av prosessen.

Administrative fagplanar kan kommunestyret få til orientering, og ev. be administrasjonen vurdere innspel frå kommunestyret.

Det er viktig at det blir tydeleg i planleggingsprogrammet kva prosess dei ein skilde planane skal ha, og at det blir tid til ev. ekstra runde for involvering.

Gjennomgang av dei ulike reglementa

Vere konsekvente på enkelte titlar og overskrifter. Kvalitetssikre faktiske feil.

Formannskapet – ok.

Valstyret – ok.

Plan- og forvaltningsutvalet: Utvalet drøfta kven som bør vere barn og unge sin representant. I dag har folkehelsekoordinator den rolla. Kommunen kan ev. også velje ei løysing der ein politisk representant i plan- og forvaltningsutvalet har dette ansvaret. Konklusjon: Rådmannen drøftar dette nærare, ev undersøker med andre kommunar og med plan- og forvaltningsutvalet og kjem attende med råd til mellombels utval.

Kontrollutvalet: slette ein setning i slutten av reglementet som er feilplassert. Elles ok.

Økonomiutvalet:

Finne ei løysing for val av varamedlemer.

Føremålet: Ta ut ordet forankre, supplere med innspel og oppdrag.

Omformulert føremål:

Økonomiutvalet sitt føremål er å formidla og sikre at sentral informasjon om kommuneøkonomien og arbeidet i budsjett- og økonomiprosessane når fram til alle dei politiske partia representert i kommunestyret.

Ordføraren – ok

Administrasjonsutvalet – ok.

Klageutval: Administrasjonen tilpassar i høve til nytt lovverk.

Fellesreglementet – ok.

Reglement for kommunestyret – ok.

Utvalet drøfta praksis i kommunestyremøta. Formalitetar med å tale til kommunestyret via ordførar, ordførar be om ordet, møteleiing. Er allereie omtalt i reglementet.

Neste møte 19. mai etter formannskapsmøtet.

Administrasjonen finpussar reglementa, utvalet legg fram si tilråding. Politisk prosess i partia, kommunestyrehandsaming i juni.